



Manger 14 mars 2017

Radøy Kommune

8.-9. juli 2017 deltek Manger Musikklag i World Music Contest (WMC) i Kerkrade, Nederland.

WMC er ein internasjonal konkurranse for brass band, wind band og fanfare band som vert arrangert kvart 4. år. I 2017 vil ca. 20 000 amatørmusikarar frå 250 ulike band delta i konkurransen. Manger musikklag er regjerande meister i Championship Division Brass Band frå WMC 2013, og er invitert til å delta i konkurransen også i 2017 for å freista å forsvare tittelen. MML er også invitert til å spele på WMC sin gallakonsert 10. juli.

Som opplading til konkurransen vil korpset ha eit opphald i den Nederlandske byen Leeuwarden 2. - 7. juli, der dei vil øve til konkurransen med sin dirigent Allan Withington, samt vere ein del av Allan Withington's Conductor Summer School. I Leeuwarden vil ein del av medlemmane innkvarterast privat hjå medlemmer i det lokale korpset Soli Brass, og MML vil og spele ein konsert saman med Soli Brass og lånar deira øvingslokale. I løpet av turen er det også planlagt ytterlegare kulturutveksling i form av ein konsert saman med det nederlandske fanfare-korpset Fanfare Saint Gabriel.

Budsjettet for turen er på kr.350.000,- og Manger Musikklag søker i denne anledning om støtte frå Radøy kommune på kr.35.000,-for å bidra til å dekke utgifter som flybilletter, hotell, transport av slagverk, leie av buss mm.

Håper på positivt svar frå kommunen

Med vennleg helsing
Manger Musikklag
v/Ronny Vetås(Turkomite)